

Sambandet vest - Forslag til planprogram for kommunedelplan

INNSTILLING FRÅ RÅDMANNEN:

Formannskapet sluttar seg til at framlegg til planprogram for kommunedelplan Sambandet vest, datert 04.05.19, leggast ut på høyring og til offentleg ettersyn. Samtidig varslast oppstart av arbeidet med kommunedelplan for Sambandet vest. Vedtaket er heimla i plan og bygningslova § 12-9, samt forskrift om konsekvensutgreiing § 6.

Formannskapet oppnemner følgande medlem til saksordførar for planen:

SAMANDRAG

Rådmannen har utarbeida forslag til planprogram for kommunedelplan for Sambandet vest. Planprogrammet innehelder bakgrunn og målsetting for planen og informasjon om konsekvensutgreiing, organisering, medverknad og framdrift i planarbeidet. Føremålet med kommunedelplanen er å velje ein trasé for nytt vegsamband frå Askøy, via Meland til Radøy. Planarbeidet er forankra i kommunestyret og i Fellesnemnda for Alver kommune, og det er Alver kommune som skal sette i gang med planarbeidet. Det skal oppnemnast politisk saksordfører for planarbeidet. Rådmannen tilråder at saksordfører for planen bør vere leiar eller nestleiar av XXX.

Avgjerast av: Plan- og miljøutvalet

Behandlast i følgande utval:

Vidare saksgang:

Etter handsaming i Formannskapet blir oppstart av planarbeidet med KDP kunngjort, og forslag til planprogram lagt ut til offentleg ettersyn og sendt på høyring til råka mynde og organisasjonar. Merknadsfristen er minimum seks veker. Innbyggjarar, høyringsetatar og andre råka partar kan då kome med merknadar til planprogrammet og innspel til planarbeidet. Etter høyringsperioden vil Rådmannen oppsummere inntekta merknadar og innspel, og eventuelt revidere planprogrammet før det leggast fram for Formannskapet for endeleg fastsetting. Planprogrammet leggast til grunn for det vidare planarbeidet med kommunedelplan (KDP) og tilhøyrande konsekvensutgreiing (KU).

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Kommunedelplan for Sambandet Vest er eit interkommunalt fylkesvegprosjekt der kommunane Askøy, Meland, Radøy og Lindås er planmynde etter plan- og bygningslova (tbl). Planarbeidet er forankra i kommunestyret i kommunane, samt vedteke i Fellesnemnda for

Alver kommune. Finansieringa til planarbeidet er gitt av Fellesnemnda gjennom midlar frå KMD. Føremålet med kommunedelplanen er å velje ein trasé for nytt vefsamband frå Askøy, via Meland til Radøy. Som grunnlag for planarbeidet med KDP er det utarbeidd eit forslag til planprogram jf. pbl. og forskrift for konsekvensutgreiingar. Vefsambandet er av eit slikt omfang at det vil få vesentlege verknadar for miljø og samfunn, og tiltaket skal utgjera i samsvar med forskrift om konsekvensutgreiing.

Sambandet Vest vart opphavleg etablert for å knytte saman regionane Sotra/Øygarden, Askøy og Nordhordland i eit felles bu- og arbeidsmarknad for å styrke grunnlaget for næringsutvikling og busetting i desse regionane. Med dette ville ein styrke transportberedskapen i Bergensområdet og avlaste Bergen sine sentrale delar for gjennomkjøring. Sidan 2012 er det lagt ned arbeid i prosjektet. Det er utarbeidd eit forprosjekt med tilleggsutgreiing der det mellom anna er sett på brualternativ, transportmodellar og finansieringsløysingar. Det er også lagd fleire illustrasjonar, samt gjort seismiske undersøkingar ved Herdla og Bognestraumen. I 2016 ble det utarbeidd ein konseptanalyse der det vart gjort kartleggingar og vurdert ulike konsept for sambandet som også innebar kryssing sør på Askøy/Meland. I løpet av vårparten 2019 er det utarbeida ein silingsrapport av ulike traséalternativ (vedlegg til dette planprogrammet) som er grunnlag for dei tilrådde alternativa som skal utgjera i planarbeidet.

Forslag til planprogram

Kommunestyret har i sak XXX vedteken at arbeidet med KDP for Sambandet vest skal settast i gong. Det er Alver kommune som vil arbeide med planen. Utarbeiding av planprogram er første fase i planarbeidet, og er obligatorisk ved oppstart av alle kommunedelplanar. Planprogrammet skal klargjere føremålet med planarbeidet, og avklare rammer og premiss for arbeidet. Planprogrammet skal gje ei oversikt over kva alternativ som skal utgjera, tema og problemstillingar som er knytt til planarbeidet, og kva utgjeringar som må til for å synleggjere vesentlege verknadar av tiltaket. Planprogrammet skal også presentere eit opplegg for informasjon og medverknad frå råka parter, innbyggjarar og interessantar.

Mål: Som omtalt i planprogrammet er det vist til overordna mål om regional og nasjonal transportpolitikk. Hovudmålet i prosjektet er definert slik:

Sambandet Vest skal binde saman Askøy og Nordhordland for å leggje til rette for næringsutvikling og busetnad, samt styrkje transportberedskap på det regionale hovudvegnettet.

Med grunnlag i hovudmåla er det formulert effektmål som konkretiserer måla og som nyttast som del av silingskriteria ved val av alternativ, og for å vurdere måloppnåing som del av konsekvensutgreiinga i KDP.

Tiltaket: I planprogrammet står det at KDP skal avklare utforming av veggtiltaket, der vegstandard avhenger av kva alternativ som vert valt. I utgangspunktet skal det etablerast kryss og tilkomst til dei viktigaste fylkesvegane i området (fv. 223 og 562 Askøy, 564 Holsnøy og 409/565 Radøy). Det skal etablerast gang- og sykkeltilbod langs traséen, samt settast av areal til god kollektivbetening der dette er tenleg. Dersom det vert avdekkja trøng for fråvik frå gjeldande veggnormalar skal dette godkjennast av vegdirektoratet før planen leggast ut til høyring og offentleg ettersyn. Kostnadsutrekning skal gjennomførast etter SVV sin anslagsmetode, der nøyaktigheit er +/- 25%. Planarbeidet må skissere løysing for massehandtering, men konkrete areal for deponi skal først avklara i reguleringsplanfasen.

Alternativ: Planprogrammet viser til vedlegg 1: Silingsrapport. I denne rapporten er det forklart prosessen og argumentasjon for korleis ein har kome fram til dei tilrådde alternativa for utgjering i KDP. I silingsprosessen vart det forkasta fleire forslag til traséar, men det står att 4 gjennomgåande alternativ med variantar som skal vurderast i KDP med KU. Dette er alternativa: Aa3, Aa4, Ca1 og Ca2. Sjå kap. 6.3 i planprogrammet for alternativa som skal vurderast nærmare. Slik tilrådinga i planprogrammet ligg føre er det ingen traséalternativ som råker Lindås kommune sitt areal. Silingsrapporten legg fram argumentasjon for kvifor bru c sør i Radfjorden er forkasta som løysing. Likevel kan sambandet vest ha vesentlege indirekte

verknadar for trafikksystemet i kommunen som vil belysast på rett nivå i kommunedelplanen og i det vidare planarbeidet.

Program for utreiningar: Planprogrammet skisserer opplegg for utgreiing, der Statens vegvesen si handbok V712 skal leggast til grunn for konsekvensutgreiinga. Denne samfunnsøkonomiske metoden går ut på å vurdere prissette konsekvensar (verknader som kan målast i kroner) og ikkje-prissette konsekvensar (verknader som ikkje kan bereknast i kroner, som til dømes verdiar innan friluftsliv, naturmangfald og kulturarv) som tiltaket vil føre til. Verknadane skal vurderast opp mot eit referansealternativ, eit såkalla o-alternativ (som betyr dagens situasjon inkl. planar som allereie er vedtekne og realiserbar for området). I tillegg skal det vurderast lokale og regionale verknadar, samt ROS-analyse. Til slutt skal alternativa vurderast opp mot måla i prosjektet (måloppnåing). Til saman skal desse vurderingane vere eit grunnlag for tilråding av alternativ.

Organisering og medverknad: Det er etablert ei politisk styringsgruppe og ei administrativ arbeidsgruppe som held fram med arbeidet med KDP (representantar frå kommunane), i tillegg skal det kallast inn ei ekstern referansegruppe etter kvart. Silingsrapporten (vedlegg til dette planprogrammet) vart forankra i politisk styringsgruppe i møte 1. april 2019. Planprogrammet skisserer denne førebels framdriftsplanen KDP Sambandet vest:

Planlagt fremdrift	Tidspunkt
Melding om oppstart planarbeid og utlegging av planprogram til offentleg ettersyn	Juni 2019
Høyring planprogram	Juli-august 2019
Vedtak planprogram	September 2019
Utarbeiding av kommunedelplan med KU	Haust 2019 – haust 2020
Framlegg av kommunedelplan til offentleg ettersyn	Vinter 2021
Vedtak kommunedelplan	Vår 2021

Politisk saksordførar:

Folkehelseperspektiv:

I konsekvensutgreiinga vil verknadar på folkehelsa utgjeraast som del av tema «friluftsliv og bygdemiljø (rekreasjon)». Temaet omfattar område med verdi for allmenta si høve til å drive friluftsliv som ein aktivitet som fremjar helse, og som skapar trivsel i både skog, mark og nærmiljø. Blant anna kan positiv effekt nåast ved å gjere det meir attraktivt å gå/sykle i kvar dagen, samtidig som eksisterande bumiljø tett opp til det planlagde vegsambandet kan råkast negativt ved endring i støy/luftforureining.

Miljø: Nytt samband med nye bruer vil sannsynleg ha direkte negativ effekt på fleire av dei ikkje-prissette tema landskapsbilete, naturmangfald, naturressurs og kulturarv ved arealbeslag. Konsekvensutgreiinga som skal utarbeidast i planarbeidet vil synleggjere tiltaket sin påverknad på miljøet.

Økonomi:

Som del av konsekvensutgreiinga vil dei prissette konsekvensane bli vurdert samla i ein nyttekostnadsanalyse. Statens vegvesen sitt standardprogram EFFEKT skal nyttast som verktøy i vurderinga, der det vert lagt vekt på kostnadar og inntekter (nytte) for trafikantar, operatørar, det offentlege og resten av samfunnet.